

# Oppretting av "tenketank"

**STAVANGER: I Rogaland og Hordaland er en i gang med veien videre etter utviklingsprosjektet Kreativt OppvekstMiljø (KOM!).**

KOM! Rogaland/Hordaland vart avslutta ved årsskiftet 2008/2009. Etter tre vellukka år med godt arbeid både i dei einkilde deltakarskulane, referansegruppa og plangruppa, var tida komen for å tenkja KOM – VIDARE.

Dei som "tok opp hansken" var medlemmene i referansegruppa for prosjektet som vart samde om å halda fram med arbeidet, ikkje som ei KOM!-gruppe, men som ei kompetanseutviklingsgruppe/"tenketank"/fora for idéutveksling i arbeidet med den estetiske dimensjonen på ulike nivå innanfor opplæring/utdanning i vår region.

Med i denne referansegruppa er no representantar frå: Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Hordaland, Norsk kulturskoleråd - Rogaland, Norsk kulturskoleråd - Hordaland, Høgskolen i Bergen, Høgskulen Stord Haugesund, Universitetet i Stavanger, KS i Rogaland og Hordaland, to representantar for skuleeigarane og Rikskonsertane.

Gruppa arbeider allereie med konkrete tiltak, noko vi kjem attende til etter kvart som dei einkilde tiltaka vert realiserte.

**Tekst:** [Anders Aabø](#) (utlagt: 22.04.2009)